



Kjersti Aas  
Bergheimsvegen 25  
5300 KLEPPESTØ

Dykkar ref.

Vår ref.

13/579-2/ 13/5775/102/11, 102/49/KME

Dato:

Manger: 03.06.2013

## **GNR 102/11 OG 49 VALDERSNES - KRAV OM SAMANSLÅING AV TINGLYSTE MATRIKKELEININGAR.**

Syner til motteke krav om samanslåing av matrikkeleiningane gnr.102 bnr.11 og bnr.49 motteke 10.05.2013.

Eit vilkår for å slå samane matrikkeleiningar er at det ikkje er ulike hefte på einingane. I dette tilfellet er det ulike pengehefte på dei to eigedomane. Sjå vedlagte utskrift frå grunnboka.

Her går det også fram ein del hefte som er komen over frå gnr.102 bnr.4 til tilleggsarealet bnr.49. Om desse ikkje vert avskrive vil dei etter samanslåing hefte ved den samanslåtte eigedomen.

På skjemaet for krav om samanslåing er det ikkje ført på kva bruksnummer som skal bestå etter samanslåing. Dette må me få opplysning om.

Saka vert lagt i arkivet hjå oss til me får tilbakemelding på at det er rydda i hefta.

Gjer elles merksam på at det fins gode opplysningar på heimesida til Kartverket Tinglysing om prioritetskollisjon ved samanslåing; <http://www.statkart.no/Eiendom-og-areal/Tinglysing-av-eiendom/Hvordan-tinglyse/Melding-til-tinglysing-fra-matrickelen/Prioritetskollisjon-ved-sammenslaing/>

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar plan, oppmåling og byggesak/ Jur. rådgj.

Kjartan Medaas  
Avdelingsingeniør

Vedlegg: utskift frå grunnboka for 102/11 og 102/49